

## Saksprotokoll i klagenemnda - 08.12.2020

**Kåre Spissøy, MDG**, sette fram slikt forslag:

«Klager gis medhold i klagen og areal settes til det som det var i 2016 med 4 meters avstand til fortauskant og busstopp.

Grunngjeving:

- Det er nok areal på fortauet både til uteservering og til fotgjengarar.
- Areal til leige for uteservering kan setjast til slik som det var i året 2016.
- Omsynet til næringsdrivande og omsynet til arbeidsplassar.»

### **Avrøysting**

Forslaget til Spissøy fekk to røyster (MDG og FrP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 5 røyster (H, A, SV og FNB) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Klage frå Advokatfirmaet Harris v/advokat Nergaard over Infrastruktur og veg forvaltning og utgreiing Bergensområdet sitt vedtak av 29.05.2020, leige av offentleg areal til uteservering, Torget 3/Felix, gnr. 166 bnr. 453 langs fv. 577, vert ikkje teken til følgje.